

ÅRSMELDING FOR Os Kammerkor 2018

Tillitsvalde 2018 valt på årsmøtet 26.01.2018 vart konstituert slik

STYRET

Leiar (for 1 år)

Marianne R. Kramer - valt inn i styret for 2 år i 2017 – på val

Styremedlemar

Torill Hellebø - Valt 2 år 2017 – på val

Heidi Norunn Sælen - Valt 2 år 2018 – ikkje på val

Eirik Lyssand - Valt 2 år 2018 – ikkje på val

Vararepresentant til styret

Ann-Charlotte S. Midtsæter - valt for eit år

MUSIKKUTVALET

(alle er valde for eit år)

Aagot Moberg

Hanne W. Lund -(noteforvalterrolla etter sommaren)

Bjørn Egil Møen-Knudseth -(noteforvalter 1. halvår – deretter i permisjon)

Kate Jordan Larsen

Vararepresentant musikkutval

Anne Hegre

Revisor Kari Heggland

Andre ansvarsoppgåver:

Flaggansvarleg: Kari Heggland

Nettsideansvarleg: Marianne R. Kramer

Rekneskapsfører : Leif Ragnar Tveit

Gjenval valnemnd: Bjørn Egil Møen-Knudseth og Dag Berge

Medlemssituasjonen:

Det har vore nokre utskiftingar av medleamar. Vi har fått eit par nye stemmer, og eit par mannsstemmer har dukka opp att. Det er gledeleg at Jan Ove kom att. Tore kom og tilbake i 2018, og det er kjekt. Frans er og kome med att. Roger tok permisjon etter sommaren.

Vi var pr 31.12.2018 (om alle er til stades) 10 sopranar (alle tilbake etter permisjon)
 9 alter (Ragnhild i permisjon ny Torill Kjærner-Semb)
 6 tenorar (ny Øystein Svalheim – Tore Toft tilbake)
 5 bassar (Frans og Jan Ove tilbake – Roger i permisjon)

Dette gir totalt 30 medleamar. Talet er diverre litt uvisst fordi somme har uteblitt frå øvingar utan å melde frå om dei har permisjon, eller er slutta. Det har tidvist vore vanskeleg å føre fråverslista.

Øvingar

Det var i vårsemesteret 27 øvingar inkludert 3 konsertar, seminar og song på ølfestival .

12-14 januar seminar i høve Queen. Den 14.01 øvde vi på Fitjar ungdomsskule saman med Kor Camena, solist og orkester.

19.januar – Queenkonsert i Festiviteten i Haugesund

20.januar – Queenkonsert i Oseana. Det kom godt med publikum begge stader, og konsertane gav samla eit godt overskot. Arrangementa var ein suksess. Uvanleg musikk for oss i koret, men ei artig utfordring

21.april – seminar 09.30 til 16.00

13.juni – Sommarkonsert i Vognhallen. Medverkande Aasmund Brekke piano og Kate Jordan Larsen fiolin – Det vart seld ca 60 billettar.

30.juni – Vi song drikkeviser på ølfestival i Oseana (nokre av oss)

I haustsemesteret hadde vi 18 øvingar inklusiv konsertar og seminar.

15.september – Kate feira sin 50 årsdag i Os Prestegard. Koret var til stades og song for henne.

23.september – søndagsseminar 16-20

30.november medverka koret i «Håtta Du» arrangement i ein fullsett Oseanasal.

2-desember – Julekonsert i Os kyrkje. Vi var saman med Os mannskor, og unge talent frå Os, arrangør var Nornekkoret. Kyrkja var nesten full

Øvingane har i hovudsak vore på Os Barneskule. Søfteland skule har fungert som vikar når Os har vore oppteken. Kaffi, kaker og vin lotteri blir halde ein gong for månaden. Ansvar går som vanleg på omgang mellom gruppene.

Marianne har halde nettsida oppdatert. Denne gir oversyn på kven som er med i koret, samt aktiviteten vår.

Dirigent:

Ann Elisabeth har vore vår kunstnarlege leiar dette året og. Hennar store entusiasme og songpedagogiske kunnskap har vore inspirerande for oss i koret.

Styremøter:

Skrivar har skrive referat frå 4 styremøter i 2018. Dette kjem i tillegg til ad hoc møte på øvingane samt kontakt pr e-post og sms. Samarbeidet innad i styret og med musikkutvalet har fungert godt.

Økonomi:

Queenprosjektet gav eit godt overskot. Økonomien har soleis vore tilfredsstillande dette året. Vi held fram med flagginga, og vil nok ein gong takke Kari for hennar organisering av denne dugnaden.

Avslutning:

Styret har byrja å leggja plan for 2019, og er byrja øve på repetoar til tur til Tarragona i Spania i juni 2019. Geo har knytt kontaktar og jobbar godt med tilrettelegginga av ein vonleg fin tur.

Samarbeidet med Kor Camena i Haugesund om Queen var godt. Det var eit stort og utfordrande prosjekt som gav nyttig læring for alle.

Vi vil takka medlemmane for arbeidet med å få flagga opp og ned til rett tid, og for eit år med stor innsats..

Vi vonar alle blir med vidare.

Styret takkar for seg, og ser fram til ein ny sesong.

Januar 2019

Marianne Kramer Leiar	Torill Hellebø økonomiansvarleg	Heidi Sælen styremedlem	Ann-Charlotte S. Midtsæter vara medlem
--------------------------	------------------------------------	----------------------------	---

Eirik Lyssand
skrivar